

Møte i Gulen kommunestyre

Møte i Gulasalen på kommunehuset
torsdag 30.10.2008 kl. 10.00

Møtet vert eit temamøte om Omsorg.
Eit par saker kan kome til. Endeleg sakliste og sakstilfang ligg til gjennomsyn hjå ekspedisjonsavdelinga på kommunehuset og på internett: www.gulen.kommune.no om lag ei veke før møtet. Møte er ope for publikum. Alle er velkomne.

Eivindvik 13.10.08
Trude Brosvik



Kven synest du fortener Gulatingsprisen?

Gulen kommune ynskjer å få forslag til kandidatar til Gulatingsprisen, som vert tildelt i tråd med fylgjande føresegner:

” Føremålet med prisen er å gje honnør til lag, verksemdar, institusjonar eller einskildpersonar som siste året eller over lengre tid har gjort ein ekstra innsats for å utvikle næringslivet og eller lokalmiljøet i Gulen, enten gjennom eiga verksemd og/eller ved å legge tilhøva til rette for andre.”

Formannskapet vurderer føreslegne kandidatar og tildeler prisen.

Grunngevrne forslag sender du til Gulen kommune, 5966 Eivindvik, innan 3. nov.

Merk konvolutten: Gulatingsprisen

Informasjon om eigeomsskatt

Side 2

Kva skjer i Gulen?

Side 3

Ny telefonliste – kommunehuset

Siste side



Haustrydding i bokhylla

Bibliotekavdelingane i Gulen saknar ein del bøker / lydbøker som ikkje er kome att frå utlån, men sidan vi har lite tid til å

skrive og sende purringar, gjer vi eit generelt forsøk via Infoposten.

Det hadde vore kjekt om desse bøkene blei leverte inn att, slik at andre lånarar òg kunne få glede av dei. Ingen treng kvie seg for å kome attende med bøker som er blitt ståande lenge i private bokhyller. Vi tar imot all retur av ”gamle synder” utan sure miner! Velkomen innom!

Helsing dei bibliotektilsette.

Opningstider i bibliotek – avdelingane



Hovudbiblioteket, Eivindvik: Torsdagar kl 16-20
Brekke filial: Torsdagar kl 17-20
Byrknes filial: Torsdagar kl 15-18
Dalsøyra filial: Tysdagar kl 17-20

Spelemidlar

Frå og med i år skal alle søknader om spelemidlar leverast elektronisk på www.idrettsanlegg.no



Tidlegare søknader som enno ikkje har fått midlar er lagt inn i systemet, **men dette gjeld berre søknaden!** Alle søkjarar må difor sjølv legge inn dei bilag, kart og naudsynte løyve for at søknaden kan godkjennast i kommunen og oversendast til Fylket. Desse må scannast inn elektronisk og må følgje søknaden.

Med helsing
Anne-Karin Misje
Kulturkonsulent

Informasjon i høve eigedomsskatt i Gulen kommune

Gulen kommune har vedteke å innføre eigedomsskatt på alle eigedomar i kommunen frå 2009.



Gulen kommune har sidan 1997 hatt eigedomsskatt på verk og bruk, jf. "Lov om eigedomsskatt i kommunane" av 6. juni 1975. Kommunestyret har i K.sak 121/07 med heimel i eigedomsskattelova §§ 3 og 4 vedtatt å utvida eigedomsskatten til å gjelda heile kommunen frå 1. januar 2009.

I samband med dette skal alle eigedomar i kommunen synfarast utvendig og takserast.

Synfaringa og takseringa vil skje i tidsrommet frå **20.10.08 og ut 2008**, og blir utført av takseringspersonell som er tilsett i kommunen. Personellet har fått opplæring i taksering og skal utføre takstarbeidet basert på retningslinjer som er vedtatt av takstnemnda for eigedomsskatt i kommunen. Den endelege taksten vert vedteken av takstnemnda.

Skattesatsen (som vil gjelde alle eigedomar) vert vedteken av kommunestyret og kan vera mellom 2 og 7 promille.

Taksering

For bustader, fritidshus og tilhøyrande bygningar samt sjølv eigedomen, skal det gjennomførast ei enkel taksering. Det er utarbeidd retningslinjer for arbeidet med takseringa.

Taksten vert rekna ut på grunnlag av faktaopplysingar om eigedomen, samt ei vurdering av standard og andre forhold på og rundt eigedomen. Dette er faktorar som verkar inn på verdien av eigedomen. Faktaopplysingane er alder og storleik på bygg og eigedom (areal), desse vert henta frå offentlege register.

Det er bruksareal (BRA) etter NS 3490 som vert lagt til grunn for utrekninga av areal for bygg. Areala som er oppgjeve i dei offentlege registra vert kontrollert ved takseringa.

Der arealet av eigedomen (tomta) er ukjend, vil det bli lagt til grunn eit areal på 1 dekar.

Landbrukseigedomar

For landbrukseigedomar skal berre bustadhus (t.d. våningshus/kårbustad) og eigen garasje for bil takserast. For kvart bustadhus vert det takstert ein tomt på 1 dekar.

Driftsbygningar og andre landbruksbygg samt resten av landbrukseigedomen er fritatt for eigedomsskatt og skal ikkje takserast.

Synfaring

I samband med takseringa skal alle eigedomar synfarast. All synfaring skjer utvendig der bygningar vert oppmålt/kontrollert i høve offentlege register og saman med eigedomen elles vurdert i høve standard og andre ytre forhold. Det vert tatt bilete av alle eigedomar.

Synfaringa vert utført av personell som er tilsett i kommunen, og skal legitimere at dei arbeider på oppdrag for kommunen.

Det er ikkje naudsynt at eigar er tilstades under synfaringa.



Deltaking ved synfaringa

Dersom eigar meiner det er spesielle tilhøve som lyt vurderast ved synfaringa, som kan ha verknad på taksten, kan ein sende ei skriftleg melding om dette.

Eigar kan og vere til stades ved synfaringa om dette er ønskjeleg. Kommunen lyt då få melding om dette saman med opplysingar om gnr/bnr på eigedomen og telefonnummer på dagtid slik at vi kan ta kontakt for å avtale tid for synfaringa. Du kan melde frå om dette på e-post: eskatt@gulen.kommune.no eller på telefon, telefaks eller vanleg post til kommunen.

Frist for å gje melding om deltaking på synfaring er sett til 30.10.2008

Høve til retting av feil

Etter at synfaringa er gjennomført, vert dei faktaopplysingane som ligg føre sendt eigar. Det er då høve for eigar å kontrollere opplysingane og gje tilbakemelding til kommunen om eventuelle feil og manglar. Tilbakemelding bør sendast kommunen snarast råd slik at vi kan rette desse før endeleg takst vert vedtatt.

Klagerett.

Eigar har rett til innsyn i korleis takst på eigedomen er berekna, og rett til å klage på vedtak om takst. Klagen må grunngjevast ved feil ved faktagrunnlag eller vurderinga som er gjort.

Vedtak om takst vert gjort av takstnemnda for eigedomsskatt, og er offentleg først etter at skattelistingene er lagt ut 1. mars 2009. Formell klage kan såleis ikkje sendast inn før 1. mars 2009.

Redusert kapasitet på "teknisk etat"

Alle tilsette ved eining for plan, byggesak, landbruk er involvert i takseringa og etterarbeid i samband med dette. Avdelinga vil i denne perioden vere sterkt redusert i høve tenester og sakshandsaming.

Til foreldre og omsorgspersonar i Gulen



YNSKJER DU Å FÅ EIT ENDÅ BETRE FORHOLD TIL BARNET DITT?

- Nysgjerrig på korleis du kan få eit endå betre samspel med barnet ditt?
- Interessert i korleis du kan støtte og hjelpe barnet ditt til ei best mogleg utvikling?
- Vil du vite korleis andre foreldre løyser vanlege utfordringar?

Bli med i gruppe for foreldre / omsorgspersonar! I løpet av 2008, vil ei førebyggjande gruppe i Gulen kommune tilby rettleiing for omsorgspersonar med barn i alderen 0-18 år.

- Interessert?
- Ta kontakt med Gulen helsestasjon tlf. 57783808/57783830

Vil du vite meir? Sjå

www.bufetat.no/foreldreveiledning

Eivindvik bu- og omsorgsenter

vil med dette takke for minnegåva etter Inge Takle sin bortgang. Senteret har etter familien sitt ynskje gått til innkjøp av ein ergometersykkel som me voner og trur vert til stor glede både for bebuarar og personalet. Hjarteleg tusen takk☺

Venleg helsing
personalet ved Ebo v/
Hildegunn Rutledal, avd.spl. og
Nina Haveland Sleire, einingsleiar.



Ynskjer du/de å vere besøksfamilie??

Sosial- og barneverntenesta ynskjer besøksfamilie for ein 12 år gammal gut, ei helg i månaden. Det krevjast ingen formelle kvalifikasjonar, men du/de må ha overskudd og interesse for medmennesker. Løn etter avtale.

Om du ønskjer å vite meir, ta kontakt med einingsleiar på sosial og barnevern: Jane Hesjedal, tlf: 57782061

Dette skjer i Gulen kommune


Basar - Søndag 26.okt. i Risnehall, Brekke.

Korpsset spelar, årsal og matsal.

Mange flotte gevinstar!

Sjå etter oppslag!

Arr: Brekke skulemusikkorps




Folkemøte i grendene

I samband med neste års budsjett ynskjer kommunens politikarar og administrasjonen å møte innbyggjarane i dei fire grendene våre. Tema vil verte kommunens økonomiske utfordringar og korleis dette kan løysast. Det vil verte mogeleg å stille spørsmål og å kommentere.

Møta vert som følgjer:

- Byrknes skule, mandag 27. oktober kl 17.30-18.30
- Brekke skule, onsdag 29. oktober kl 17.00-18.00
- Eivindvik skule, tirsdag 4. november kl 17.00-18.00
- Dalsøyra skule, onsdag 5. november kl 17.00-18.00



Temakveld på samfunnshuset i Bålen

Torsdag 23. november kl. 19.45

Sokneprest Jens Linde innleier til samtale om temaet: "Helbreder Gud i dag?" Det vert mat og sosialt samvere.

Arr.: Brekke sokneråd.

Ny telefonkatalog frå

Lions Club Gulen



Det er no like før katalogen kjem.

Mange ting har vore grunn til at dette har teke tid. Vi kjem til å gjere ei endring i levering av katalogane denne gongen.

Dei første gongane vi sendte ut katalogen med ein giro inni, var alle utruleg flinke til å sende pengar for katalogen. Vi fekk mykje pengar, som vi så kunne bruke til å hjelpe dei som trong hjelp. Siste gongen vi sendte ut katalogen, trur eg mange gløymde oss. Eg trur ikkje det var med vond vilje, men at giroen drukna i mange andre. Siste gong vi sendte ut katalogen, klarte vi knapt å dekke opp kva det kosta å lage han. Vi fekk lite å hjelpe med.

Denne gongen får du besøk av oss, kvar enkelt av dykk. Vi vil prøve å rekke alle hus!!!?? i Gulen. Alle spør etter katalogen.

Er DU klar til å ta imot oss når vi kjem???

Med helsing LIONS CLUB GULEN.

Telefonliste for Gulen kommunehus oktober '08

Riv av og heng opp!

STILLING:	TLF.NR.	NAMN:	E-POST ADRESSE:
Gulen kommune	57782000 57782099	Gulen kommune Telefaks	postmottak@gulen.kommune.no
ORDFØRAR			
Ordfører	57782002	Trude Brosvik	trude.brosvik@gulen.kommune.no
RÅDMANNSAVDELINGA			
Rådmann	57782001	Martin W. Kulild	martin.kulild@gulen.kommune.no
Assisterende rådmann	57782003	Harald Haugejorden	harald.haugejorden@gulen.kommune.no
Rådgjever omsorg	57782004	Ingebjørg Søreide	ingebjorg.soreide@gulen.kommune.no
Rådgjever oppvekst	57782005	Kari Brekken	kari.brekken@gulen.kommune.no
Prosjekt Gulatinget / Kulturkonsulent	57782006	Anne-Karin Misje	anne-karin.misje@gulen.kommune.no
Rådgjever plan og utvikling	57782043	Kjell A. Reigstad	kjell.reigstad@gulen.kommune.no
EKSPEDISJONSAVDELINGA			
Leiar /arkivleiar	57782011	Randi Wergeland	randi.wergeland@gulen.kommune.no
Sekretær	57782012	Randi A. Trædal	randi.tredal@gulen.kommune.no
Sekretær	57782012	Marianne Oppedal	marianne.oppedal@gulen.kommune.no
Sekretær	57782013	Torill Westervik	torill.westervik@gulen.kommune.no
SKATT- OG REKNESKAPSAVDELINGA			
Sekretær	57782067	Kristin Dingen	kristin.dingen@gulen.kommune.no
Sekretær	57782020	Beate Marie Horne	beate.horne@gulen.kommune.no
Leiar	57782021	Hall Midthun	hall.midthun@gulen.kommune.no
Kontrollør/konsulent - skatt	57782022	Hege Hjartholm	hege.hjartholm@gulen.kommune.no
Økonomi- og IT-konsulent	57782023	Hege-Beth Brosvik	hege-beth.brosvik@gulen.kommune.no
LØNN- OG PERSONALAVDELINGA			
Leiar	57782025	Mona S. Molland	mona.molland@gulen.kommune.no
Sekretær løn	57782026	Björg Håvåg	bjorg.havag@gulen.kommune.no
Sekretær oppvekst	57782027	Inger Sognnes	inger.sognnes@gulen.kommune.no
Sekretær omsorg	57782028	Lill Irene Håvåg	lill.havag@gulen.kommune.no
DRIFT OG VEDLIKEHALD:			
Leiar	57782030	Geir Haveland	geir.haveland@gulen.kommune.no
Utearbeidar	57782031	Kjell O./ Ove U.	
PLAN, LANDBRUK OG TEKNISK:			
Sekretær og saksbehandlar byggesak	57782040	Per Hellesund	per.hellesund@gulen.kommune.no
Leiar	57782041	Magne Instefjord	magne.instefjord@gulen.kommune.no
Avdelingsingeniør oppmåling	57782042	Rune Midtun	rune.midtun@gulen.kommune.no
Avdelingsingeniør VAR	57782043	Bjørn Atle Losnegård	bjornatle.losnegard@gulen.kommune.no
Landbrukskonsulent	57782044	Håvard Tveit	havard.tveit@gulen.kommune.no
Saksbehandlar jordbruk og vilt	57782045	Mona Nyland Elnes	mona.elnes@gulen.kommune.no
PPT:			
Rådgjever	57782050	Anne Lerpold	anne.lerpold@gulen.kommune.no herfinn.takle@gulen.kommune.no / gu.ppt@frisurf.no
PPT-leiar	57782067	Herfinn Takle	
SOSIAL OG BARNEVERN:			
Saksbehandlar	57782060		
Sosialeiar	57782061	Jane Hesjedal	jane.hesjedal@gulen.kommune.no
Barnevernskonsulent	57782062	Silje Oppedal	silje.oppedal@gulen.kommune.no
Saksbehandlar sosial og barnevern	57782063	Siv Hamn	siv.hamn@gulen.kommune.no
KYRKJEKONTORET:			
Kontorassistent	57782070	Andrid Baarøy	andrid.baaroy@gulen.kommune.no
Prest	57782071	Jens Linde	sokneprest.gulen@gulen.kommune.no
Kyrkjeverje	57782072	Rune Ziener	rune.ziener@gulen.kommune.no